



Arbeids- og velferdsdirektoratet
Postboks 5 St. Olavs plass
0130 Oslo

Saksbehandlar, innvalstelefon
Grethe Underdal, 55 57 22 41

Spørsmål om refusjonskrav etter sosialtenestelova i etterbetalte trygdeytningar

Vi får til behandling ein del klagesaker som gjeld refusjon i etterbetalte trygdeytningar. Dei fleste av desse sakene gjeld vedtak der Nav har kravd refusjon for stønad utbetalt til livsopphaldsutgifter, og der det er uproblematisk å avklare om den livsopphaldsstønad som Nav har kravd refundert gjeld for same periode som den etterbetalte trygdeytninga.

I nokre klagesaker er det ikkje enkelt å vurdere om stønaden etter sosialtenestelova er gitt for same periode som den etterbetalte folketrygdytinga. Dette gjeld blant anna tilfelle der Nav har utbetalt stønad til dekning av til dømes straum og innbuforsikring. Utgifter til straum vert til vanleg betalt etterskot. Utgifter til forsikring vert til vanleg betalt på forskot.

Nav kan krevje refusjon for stønad som dei har utbetalt til straum på fire ulike måtar: for den eller dei månadene straumen blei forbrukt, for den månaden fakturaen hadde forfall til betaling, for den månaden vedtaket om stønad blei gjort eller for den månaden straumrekninga blei betalt. Vi legg til grunn at Nav er konsekvent i måten dei bereknar kva som er same tidsrom, når dei vedtek å krevje tilbake stønad som dei har gitt til straum. Vi kan likevel ikkje sjå at nokon av desse måtane er i strid sosialtenestelova og rettleiinga i rundskriv R35-00. Vi viser i denne samanheng til Sivilombudsmannen sin uttale av 16. desember 2019, der Sivilombudsmannen ber Arbeids- og velferdsdirektoratet vurdere om det er grunn til å presisere kva for prinsipp Nav skal nytte for periodisering av utgiftsdekking av straum, sjå vedlegget.

Ei anna problemstilling er det som står i rundskrivet om at Nav ikkje kan krevje refusjon for økonomisk stønad gitt som hjelp i ein naudssituasjon. Vi legg til grunn at sosialstønad er ei yting som Nav har plikt til å gje til personar og familiar som er i ein naudssituasjon eller står i fare for å kome i ein naudssituasjon, på grunn av at dei ikkje har pengar eller har for lite pengar til å kunne dekkje sine naudsynte behov. Soleis har all stønad til livsopphald den effekt at den hindrar økonomisk naud.

Om refusjon av stønad til «same føremål» står det følgjande i rundskrivet: *I denne vurderingen må det avklares om den økonomiske stønaden er gitt for å dekke generelle utgifter til livsopphold eller for å dekke særlege utgifter. Det kan ikke kreves refusjon for økonomisk stønad gitt som hjelp i nødssituasjoner.*

Direktoratet skil her mellom stønad til livsopphald og hjelp i ein naudssituasjon. I rundskrivets punkt 4.18.1.6 er det gjort greie for kva direktoratet meiner med «Hjelp i en naudssituasjon», i ein noko annan kontekst. Det går fram at Nav skal gi slik hjelp til det heilt nødvendige for den som står kortvarig utan moglegheit til å skaffe seg det. Dette medfører at slik hjelp er lågare utmålt enn vanlig



stønad til livsopphald, og difor berre er forsvarleg å gi for nokre få dagar. Stønad til rekningar som må betalast for å hindre avstenging av nødvendige tenester som straum eller liknande står likevel også nemnt under overskrifta «Hjelp i en nødssituasjon».

Spørsmålet er då kva som er «hjelp i en naudssituasjon» ved refusjonskrav etter sosialtenestelova paragraf 26. Det er ei utfordring at det ikkje er noko skarpt skilje mellom sosialhjelpsbehov generelt og hjelp i naudssituasjonar. Det kjem ikkje fram kva omsyn som ligg til grunn for at direktoratet innskrenkar Nav-kontorets rett til å krevje refusjon.

Vi har lagt til grunn at avgrensinga i Nav-kontorets rett til å krevje refusjon berre gjeld for tilfelle der Nav har gitt stønad til det aller mest nødvendige, for nokre få dagar. Når det gjeld stønad som skal dekkje eit løpande behov, eller tilfelle der inntektene ikkje strekkjer til, har vi lagt til grunn hovudregelen om at Nav kontoret har rett til å krevje refusjon. Det kan vere vanskeleg å sjå rimelegheita av at Nav-kontoret skal kunne krevje refusjon for løpande stønad til straum, men ikkje i situasjonar der stønadmottakaren har hatt pengar, men ikkje har brukt pengane på å betale straumrekninga, og difor har fått akutt behov for stønad.

Ved behandling av slike spørsmål har vi lagt til grunn at Nav kan krevje refusjon for slik stønad, også i dei tilfelle der stønaden er gitt for å unngå avstenging av straum eller for å få opna straum som har vore stengd. Tilsvarende gjer seg gjeldande for husleigerestanse og stønad til reparasjon eller fornying av inventar.

Vi ber om at Arbeids- og velferdsdirektoratet tek stilling til om vår forståing er i samsvar med dykkar lovtolkning av kva som er «same tidsrom» når det gjeld utgifter til straum og av kva som er å sjå på som «hjelp i ein naudssituasjon» i refusjonssamanheng.

Vi skal no behandle ei konkret sak der det som vi her tek opp blir sett på spissen, og vi ber difor om svar så snart som mogleg. Vi ber om at svaret vert merkt med vårt referansenummer 2020/4557.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonssjef

Grethe Underdal
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Sivilombudsmannen sin uttale av 16. desember 2019 i sak 2019/2187